



Godt fornøyde med kampen: Frå venstre bak Ingebjørg Haugland, Elisabeth Rebaudo, Karoline I. Amundsen, Marte Dagestad, Kaja Døssland og Eirin Rørheim Kjærland. Ytterst til høgre trenar Svein Ove Bråtun. Framme frå venstre Kari Bråtun, Marit Inga Sture, Anne Marte G. Zimmer, Susanne L. Eik, Victoria A. Eik og Bente Halvorsen. Foran keeper Katrine Y. Røssland. (Foto: Thor Inge Døssland)

### Lillejentene i fotball har denne helga delteke i Spar Haga Jenteturnering på Stord.

Heile 21 jentelag for aldersgruppa 10-14 år var med i turneringa på Prestegardsskogen, på Rommetveit, og dei 13 jentene på Uskedalslaget gjorde ein framifrå innsats.

Men også innsatsen til trenarane Gørill S. Eik og Svein Ove Bråtun bør nemnast. Dei gjer ein kjempejobb

Laget spela to kampar kvar dag, og lørdag møtte dei først Solid i ein jamn kamp som enda uavgjort 1-1. Målscorar var Kari Bråtun. Deretter møtte dei eit av laga til arrangørlaget Trott. I denne kampen dominerte Uskedalsjentene. Dei scora jamnt og trutt, og då dommaren bles av kampen, viste målprotokollen ein solid 7-2-siger. Måla vart sett inn av dei aggressive spissane Ingebjørg Haugland(4) og Kari Bråtun(3).

Søndag var jentene klar til ny innsats. I første kampen møtte dei Harding. Dette laget var etter trenar Svein O. Bråtun sine vurderingar eit av dei aller beste laga i turneringa. Uskedalsjentene kom godt i gang og tilreiv seg eit spelemessig overtak. Sjansar spela deg seg og, men så skjedde det som av og til skjer; motstandarlaget fekk eit heldig mål på sin første (halv)sjanse.

Etter dette held laget fram med det gode spelet, men ballen ville ikkje i mål sjølv om stadig nye sjansar vart skapt. Etter at Harding gjekk opp til 2-0, jamna kampen seg ut. Pauseresultatet vart 2-0.

Andre omgang var god og jamnspela, Harding putta på to nye mål og dermed vart sluttresultatet 4-0. Det er ikkje alltid resultatet gjev eit fullstendig bilete av ein fotballkamp. Slik var det i denne jamnspela kampen, og jentene skal vita at dei gjorde ein svært god kamp.

I siste kampen søndag var det Trott Sitti som var motstandar. Også i denne kampen fekk jentene eit tidleg mål mot seg. Etter god innsats og 0-2 ved pause, enda kampen med 1-3- tap i det ausande regnveret. Men korkje regn eller tap gjekk ut over humøret. Det var på topp heile tida!

Av Thor Inge Døssland